

Frikøyringsskonkurranse med sterke plasseringar frå Uskedalen.

17.03.2018



Det var godt frammøte til samlinga i varmestova det alle fekk informasjon og instruksar.

I helga vart det gjennomført frikøyringsskonkurranse på ski i Fjellhaugen, det første i sitt slag i Kvinnherad. Nedkøyringa var tenkt lagt til Tindefjell, som ligg vest for skianlegget, men traseen vart flytta til Julaskard. Bakgrunnen for mørstringa er den aukande interessa frå born, ungdom og vaksne om å ta seg ned bratte fjellsider på ski. Dessutan ynskjer mange å utforska nye trasear ved å gå på topptur og fritt finna eigne løyper ned.

Alle deltakarane vart delt inn i tre klassar: Born, tenåringer og ungdom/vaksne. Traseen i Julaskrad ligg på ventre sida nå du tek trekket opp. Klassen born hadde start på eit lågare punkt. Kravet til utstyr var hjelm. Alle fekk individuell vurdering ut frå faste kriterier som kontroll, flyt, linjeval, teknikk, luft/stil og til slutt køyreglede.

Norah Hjønnevåg var den eine deltagaren i klassen born. Det var tøft gjort når vi veit at det var mykje vind og eit krevjande føre. Ungdom og vaksne vart rangert frå 1. til 3. plass. Fjellsida i Julaskard har ei variert terreng med bratt og slakare lende, renne og skrentar. Dommar var Bjørn Olav Tveit.

Plassering:

- Klassen born: Norah Hjønnevåg
- Klassen tenåring: nr. 1: William Hjønnevåg. nr. 2: Olve S. Tveit
- Klassen ungdom/vaksne: nr. 2: Viljar S. Tveit, nr. 4: Mathias Børve

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Janne Gloppen



Norah Hjørnevåg var tøff nok til å stilla i klassen born, trass mykje vind og vanskeleg føre.